



Brødrene Hindenes AS
Att. Øyvind Henriksen
Heiane 10
5131 Nyborg

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2006/4230 - 2758/2007	Fridtjof Fosse - 56 37 56 25	233/128	13.02.2007

Delegert sak handsama av avdelingssjefen.

Løyve til tiltak gbnr 233/128 bustad - nybygg - ett-trinns søknad

Dokument :

Søknad om løyve til tiltak, motteken 24.11.2006.

Merknad frå gbnr 233/108, Anna Børslid Tvedt og Ernst Tvedt, datert 19.11.2006, motteke 21.11.2006

Merknad frå gbnr 233/127, Dag Haarklau, datert 19.11.2006, motteke 20.11.2006

Anna Børslid Tvedt og Ernst Tvedt trekkjer merknaden i brev datert 04.02.2007, motteke 08.02.2007.

Dag Haarklau trekkjer merknaden i brev datert 04.02.2007, motteke 08.02.2007.

- | | |
|---|--|
| ➤ teikningar m/ terrengprofil i målestokk, 1:100, 1:200 | ➤ søknad om lokal godkjenning av føretak |
| ➤ situasjonsplanar i målestokk 1:1000 og 1:200 | ➤ søknad om ansvarsrett |
| ➤ kvittering for sende/mottekne nabovarsel | ➤ kontrollerklæring for prosjektering |

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld oppføring av frittliggjande heilårsbustad med kjellarhusvære for utleige i Ørmanove bustadfelt på Ostereidet, nedanfor bustadfeltet Dyrhovden.

Bustaden skal vera i 3 etasjar og ha 2 bueiningar/brukseiningar. Bruksareal 302 m2.

Bygd areal 154 m2.

Det kom inn merknader til nabovarselet. Merknadene til nabovarselet har etter mekling vorte trekt 04.02.2007 med følgjande ordlyd:

”Topp grunnmur vil liggja ca. på kote 93,5m, fastmerket hos Dag Haarklau er på 95,08. Straum er planlagt frå skap ved Ernst Tvedt. Vatn og kloakk planlagt frå kummer ved kyrkja. Støttemur for veg planlagt med betongkant ca. 20/30 cm over vegbane, med gjerde på toppen. Støttemur for vegen er planlagt i betong/naturstein. Første del i betong, så over til naturstein. Det blir betongsåle for å jamna ut skråning før muring med naturstein. Fjellboltar og nødvendig armering vert nytta. Muren og området blir stelt etter muring.”

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 20.12.2006 med topp **ringmur/grunnmur** på kote **93,5**. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ringmur vert sett i gang, **og dokumentasjon skal sendast til kommunen omgåande** (PBL § 70 nr. 1).
2. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg vassverk. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad og melding om utføring sendast til kommunen si VVA-avdeling på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
3. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).
4. Det må sendast inn søknad om tiltak med ansvarsrett for bygging av støttemur når støttemuren skal byggjast..

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a)

Brødrene Hindenes AS vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningssområde: SØK, PRO/KPR, UTF/KUT for bustad i tiltaksklasse 1.

Isdalstø Anleggsservice AS vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningssområde: UTF/KUT for grunnarbeid, graving, boring, sprengning, og støyping av grunnmur.

Hjelmås VVS AS vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningssområde: PRO/KPR, UTF/KUT for rørinstallasjonar i tiltaksklasse 1 og UTF/KUT for rørinstallasjonar i tiltaksklasse 2.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

for avdelingssjefen

Med helsing

Tor Hegle
Fagleiar Byggesak

Fridtjof Fosse
avdelingsingeniør

Kopi til: Randi H. Stall Mariussen, Eide indre, 5993 Ostereidet